

Mottakere ifølge liste  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

23/1692-

Dato

1. september 2023

## **Vedr. spørsmål om regjeringsapparatets handtering av habilitetsregelverk mv.**

Eg syner til brevet frå kontroll- og konstitusjonskomiteen 10. august 2023 til statsministeren og til svaret til statsministeren av i dag. Eg er beden om å svara for Landbruks- og matdepartementet sitt vedkommande på spørsmåla 1, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12 og 13.

- 1. Komiteen ber om at Statsministerens kontor på vegne av samtlige departementer informerer komiteen om departementenes respektive rutiner for praktisering av habilitetsreglene.*

Etter utnemning av nye statsrådar i Landbruks- og departementet, gjennomfører departementsråden ei samtale der m.a. habilitetsreglane og mogleg interessekonfliktar er tema. Samtalen blir gjennomført så raskt som mogleg etter tiltreding. Samtalen omhandlar både tidlegare arbeidsforhold, familie, vennskap, eigarskap mv. I samtalen sest dette opp mot ansvarsområda til departementet for å avklara moglege utfordringar.

Landbruks- og matdepartementet har vidare ein rutinemessig gjennomgang av reglar innanfor innsyn, saksbehandling og habilitet for ny politisk leiing. Dette blir halde av jurist i administrasjonsavdelinga. Dei enkelte punkta i habilitetsregelverket blir utdjupa og blir illustrerte ved relevante døme der habilitet er vurdert hos regjeringsmedlemmer. Det blir oppmoda sterkt til at sjølv den minste tvilen om eiga habilitet, blir teken opp til vurdering av embetsverket.

- 5. Komiteen understreker at Stortinget har vedtatt i lov at det er hver tjenesteperson som har ansvaret for egen habilitet. Har departementene rutiner for å gjennomgå*

*egne budsjetter og andre relevante saksporteføljer for å fange opp saksbehandling som kan bli berørt når en ny statsråd har hatt innledende samtale med departementsråden og gått gjennom mulige habilitetsutfordringer? Det bes videre om en konkret redegjørelse for hvilke rutiner Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet har for slik oppfølging av den innledende samtaLEN med ny statsråd.*

Dersom eg reknar at eg har ei slik tilknyting til aktuelle saksområde eller pågåande saker at det ligg føre inhabilitet, er det rutine for at det bli fremja sak om setjestatsråd. Dersom det er behov for nærmere vurderinger av habilitetsspørsmålet, vil embetsverket kunna hjelpe til med ei habilitetsvurdering. Eg kan også be Justis- og beredskapsdepartementet si lovavdeling om ei tolkingsfråsegn i saka.

Ei god oppfølging av habilitetsregelverket føreset at det vidare i statsrådsperioden jamleg er openheit og dialog mellom meg og departementsråden om moglege habilitetsutfordringar. I saker der eg eventuelt er inhabil og det vil bli utnemnd setjestatsråd, er det rutinar som sikrar at heller ikkje anna politisk leiing er involverte i sakene.

7. *Komiteen ber om at Statsministerens kontor samler inn og oversender en oversikt over eventuelle endringer i departementenes rutiner fra 2017 til i dag for å ivareta habilitetsreglene.*

Hovudtrekka i departementets handtering av habilitetsreglane er ikkje endra sidan 2017. Merksemda om ulike sider av handteringen av habilitetsreglane er likevel styrka, og det er meir openheit og dialog rundt tematikken. Departementsråden har nyleg innarbeid ein rutine i saker om oppnemning eller tildeling av medlemmer til styrer, råd, verv etc., kor det i saksbehandlingssystemet skal dokumenterast at eigen habilitet er vurdert.

8. *Komiteen ber om en fullstendig liste over beslutninger som statsråder har fattet eller deltatt i, hvor det i ettertid er avdekket inhabilitet.*

Eg tiltredde som statsråd den 4. august 2023. Eg har ikkje vore involvert i nokon konkrete saker i departementet eller som medlem av regjeringa der det er avdekkta inhabilitet. Eg har fått opplyst at dette også gjeld forgjengaren min, Sandra Borch.

9. *Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svarbrev til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. Komiteen ber om å få en oversikt over alle skriftlige habilitetsvurderinger som er foretatt i regjeringen fra den tiltrådde til dags dato. Det bes opplyst hvilken dato vurderingen ble forespurt, og eventuelt når det er bedt om en tilleggsvurdering.*

Det ligg ikkje føre nokon skriftlege habilitetsvurderingar av meg frå eg tiltredde 4. august 2023. Det ligg heller ikkje føre nokon skriftlege habilitetsvurderingar av forgjengaren min Sandra Borch frå hennar tid som landbruks- og matminister.

Eg viser for orden skuld til at Sandra Borch i svar til Stortinget av 3. juli 2023 på skriftleg spørsmål nr. 2666 har svart at ho ikkje reknar seg inhabil ved behandling av ein evt. forvaltingssak om overprøving av Vestbys kommunes avgjerd i samband med etablering av eit IKEA-varehus i kommunen.

Landbruks- og matdepartementet har hatt ei anna sak der politisk leiing har bedd om ei skriftleg vurdering. Saka gjeld politisk rådgjevar Siv Sætran sin habilitet i ei sak der hennar familie potensielt kunne få ei økonomisk fordel ved endring av regelverk. Saken vart handert av statsråden.

*10. Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svarbrev til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. Komiteen ber regjeringen samle en oversikt over alle tilfeller der en statsråd har bedt embetsverket om bistand til habilitetsvurdering fra regjeringen tiltrådte til dags dato. Ettersom en slik oversikt ifølge statsministerens svarbrev ikke allerede foreligger, har komiteen forståelse for at detaljeringsgraden vil variere for de enkelte oppføringene.*

Som det kjem fram av svar på spørsmål 1 gjennomfører både departementsråden og administrasjonsavdelinga samtalar om habilitet og moglege utfordringar knytt til tidlegare arbeidsforhold, familie, vennskap, eigarskap osv.

Habilitetsreglane stiller i utgangspunktet ikkje krav om at vurderingane må vera skriftlege. Ofte vil ei habilitetsvurdering vera enkel, til dømes fordi det klart ligg føre inhabilitet.

Eg har fått bistand av embetsverket med råd om habiliteten min i eitt tilfelle utan at det har vore av ein slik karakter at det har vore naturleg å nedfella vurderinga skriftleg. Denne saka hadde samanheng med at regjeringa vurderer omlegging frå kronetoll til prosenttoll for landbruksvarer noko som òg inkluderer fjørfeprodukt, jf. Hurdalsplattformen. Foreldra mine og bror min har eigarinteresser i ei bedrift som driv fjørfeproduksjon. Det var her ikkje tale om inhabilitet.

*11. Komiteen ber regjeringen redegjøre for eventuelle rapporteringsrutiner for politisk ledelse i departementene som omfatter privatøkonomiske forhold. Komiteen ber om at redegjørelsen inkluderer informasjonen om formålet med eventuell rapportering og hvilke opplysninger som i så fall rapporteres inn til Statsministerens kontor eller til det enkelte departement.*

Landbruks- og matdepartementet følgjer opp at politikarane i departementet er kjent med rutinane som er angitt i *Håndbok for politisk ledelse* og reglane for registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser. I tillegg er dette tema i samtale i samband med tiltredinga med departementsråden. Det føres òg innsidelistar i tråd med regelverk for børssensitive saker.

*12. Komiteen ber om liste, fordelt på departement og statsråd, over alle utnevnelser/oppnevnelser foretatt av statsråder eller regjering til råd, styrer og andre relevante verv eller organ fra oktober 2017 til i dag.*

Vedlagt følgjer oversikt over utnemningar til råd, styrar og andre relevante verv eller organ gjort av Landbruks- og matdepartementet sidan 2017.

*13. Det vises til at SMK har bedt departementene om å gjøre en grundig gjennomgang av saker der habilitet kan være et tema, jf. statsministerens svarbrev av 20. juli 2023.  
Komiteen ber om å få oversendt departementenes gjennomgang.*

Ut over de sakane eg viser til under punkt 9 og 10 er eg ikkje kjend med andre saker frå mitt departement.

Med hilsen



Geir Pollestad